



Skrivar Kristian Bringedal fekk ikkje lov til å gå av sjølv om han ikkje lenger ei grunneigar. Dei som slår ring rundt han her er styrelemer og vararepresentantar: Geir Enes, Johannes Fet, Kåre Vetrhus og Trond Myklebust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**I 2006 vart det rapportert inn fangst av 335 kilo laks og 116 kilo aure i Uskedalselva. Det var mykje gytetfisk i fjor. Det har aldri vore så mye laks i elva som no, men det er lite oppdrettslaks der samanlikna med andre elvar. Ein reknar med at 90 prosent av all fangst var innrapportert og det kom fiskarar direkte frå Vesterålen for å fiska i Uskedalen!.**

Dette var nokre av dei viktigaste konklusjonane om fjoråret som vart gjeve under årsmøtet til Uskedalen Grunn- og Elveeigarlag på Stemneplassen. Fangstresultatet var ein nedgang frå året før, men det var fordi det var ein turr sommar med lita elv i ein månad. Under årsmøtet vart spørsmålet stilt om ein kanskje ikkje lenger kan reklamera med elva som ei fristande aure-elv, men det var semje om at ein skal halda fram med denne "merkjelappen".

Oppsynsmann og storfisker Arne Terje Haugland (han har fanga 2.500 fiskar i elva og alle på mark!) gav på årsmøtet eit svært optimistisk bilete av tilstanden i elva. Han berømma grunneigarane for positiv haldning og leiar Kåre Vetrhus rosa på si side Haugland for ein fantastisk god oppsynsjobb. Ikkje minst er det viktig at Haugland bistår fiskarane med gode råd.

- I fjor hadde eg ikkje problem med ein einaste fiskar, opplyste han på årsmøtet.

Ordninga med tilbakemelding og bruk av depositum fungerer fint og dei grunneigarane som fiskar mykje, er flinke med tilbakemelding. Nokre av dei 42 grunneigarane overser ordninga, men det er framgang på dette punktet. I fjor vart det gjennomført både elektrofisking og teljing av vaksen fisk ved dykkarar, men det føreligg enno ikkje rapportar frå desse operasjonane. Målingar av surheitsgraden syner at kalkmengda må aukast med to tiendedelar.

Det var ikkje organisert rydding langs elva i fjor, men fleire av grunneigarane har hogge ved og rydda slik det er føreskrive i driftsplanen. Laget har infoark på tre språk og to informasjonstavler i tillegg til at dei har kjøpt seg inn på den store infotavla i sentrum. Under årsmøtet var det einigheit om at det må bli fleire parkeringsplassar og at desse bør markerast på infoarket. Under årsmøtet vart det også oppmoda til ein meir aktiv bruk av informasjonssidene under uskedalen.no, til dømes med formidling av fangstresultat.

I år er det eit prioritert tiltak å rydde ved langs elva for å letta tilkomsten og eit anna å montera skilt som syner vegen fram til gode fiskeplassar. Det er også eit punkt om registrering av gode plassar, men Haugland peika på at desse flyttar seg stadig som eit resultat av vassføringa. Rydding av plast langs elva er også eit tiltakspunkt, men her har det vore ei stor betring. Parkeringsplassen ved Fet skal justerast og det skal settast opp ei infotavle der.

Skrivar Kristian Bringedal ville trekkja seg fordi han ikkje lenger er grunneigar, men det fekk han ikkje lov til og vart engasjert til å halda fram. Dei som sit i styret etter årsmøtet er leiar Kåre Vetthus, varaleiar Johannes Fet, styrelem Tore Musland, styrelem Trond Myklebust og styrelem Sigmund Myklebust. Vararepresentantar er Ståle Eik (ansvarleg for rekneskap) og Geir Enes.

Av Ola Matti Mathisen



Arne Terje Haugland fekk mykje ros på årsmøtet for oppsynsjobben sin. – Eg gjer det ikkje for pengar, men fordi eg er glad i elva, sa han.  
(Foto: Ola Matti Mathisen)